



Bilde frå felles rådsopplæring Tveit skule- sept. 2025

*Årsmelding 2025*  
*Tokke Ungdomsråd*

## Samansetting av rådet:

Rådsmedlem blir valt for 2 år om gongen.

### Medlemar av rådet **vår 2025**

Skule	Representantar	Vara
Vest-Telemark vgs	Julie K Veen Hagen	
Vest-Telemark vgs	Per-Gjermund L Askje	
Vest-Telemark vgs	Olav Brattestå	
Tokke skule 10.kl	Ingeborg Otterholdt	
Tokke skule 10.kl	Emma Heggard	
Tokke skule 9.kl	Åni Haddad Mostøyl	
Høydalsmo skule 10.kl	Ann Hege Lofthus	
Høydalsmo skule 9.kl	Martin Betten	
Høydalsmo skule 9.kl	Kristin Moen Lofthus	

### Medlemar av rådet **haust 2025**

Skule	Representantar	Varamedlem
Vest-Telemark vgs 1	Ingeborg Otterholt	
Vest-Telemark vgs 1	Sigrid Godtland	
Vest-Telemark vgs 1	Karin Elise Karlsen	
Tokke skule 9.kl	Åni Haddad Mostøyl	Vårin Prestegard Felland (8.kl)
Tokke skule 9.kl	Sondre Tøndel Solli	
Tokke skule 8.kl	Elias Sordal Heggard	
Høydalsmo skule 10.kl	Martin Betten	Marte Rui Nestestog (9kl)
Høydalsmo skule 10.kl	Kristin Moen Lofthus	
Høydalsmo skule 9.kl	Mikkel Nygård Ståland	

## Medlemsmøter

Tokke ungdomsråd har hatt **6 ordinære medlemsmøte** i løpet av 2025. Møta har vore på Tokke komunehus etter skuletid. Det har vore eit jamt oppmøte av alle medlemmane på møta. Tidspunkt for møter og alle saksdokument er tilgjengeleg på kommunens nettside.

- **Nokre av sakene ungdomsrådet har hatt på saklista i 2025**

-Ettearbeid ungdataundersøkinga 2024. 3 representantar hadde presentasjon for kommunestyret kring funn frå ungdata og informerte om både utfordringsbilete og kva som er bra med å leve på bygda.

-Oppstart valprosess for nytt ungdomsråd 2025-2027

-Årsmelding 2024

-Helsekompetanse hos ungdom i Tokke kommune

- Oppvekstplan

-Val av kommunens barnerepresentant

-Aktivitetsdag for ungdomsskulane i Tokke.

-Markering av verdensdagen for psykisk helse.

- Foredrag med Fenriken (Geir Aker) for 7-10 kl + vgs.

-Felles opplæring saman med ungdomsråd frå Vest-Telemark

-Egenberedskapsveka

- **Fysiske besøk i medlemsmøte med orienteringer**

« ***Din helse, din framtid***»

Fysioterapeutane Jette Bergfjord og Sigrid Michalsen gjennomførte workshop med ungdomsrådet der dei ynskja innspel i høve prosjektet «Di helse, din framtid» Det langsiktige målet er auka helsekompetanse hos ungdom i Tokke kommune.

***Ungdomsklubbarbeider***

Klubbleiar Tor Øystein Gravdal har delt av sine erfaringar og snakka om kva som trengs av kvalifikasjonar, personlege eigenskapar, kva for arbeidsoppgåver som høyrer inn under det å vere ungdomsklubbarbeider samt samarbeidspartnarar i det førebyggjande arbeidet.

***Tilstandsrapport for grunnskulane 2025 og budsjett***

Kommunalsjef Tone L Skaalen la fram tilstandsrapporten 2025 for rådet. Det blei orientert kring budsjett og innsparing og kvifor kommunen no må spare pengar, samt prosessen kring arbeidet. Det er politkarane som bestemmer til slutt.

- **Høringsuttalelsar rådet har vore med på:**

Høyringsarbeidet kring ny oppvekstplan for barn og unge. Oppvekstplanen og særskild den lokale delen, er viktig i det førebyggjande arbeidet kring barn og unge.

- **Deltaking på konferansar, seminar og arrangement**

## **Kursing i rådsarbeid**

16. september samlast ungdommar frå Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Tokke, Vinje og Seljord på Tveit skule i Nissedal. Dagen var to-delt der fyrste del omhandla kursing i kva det betyr å vere medlem av ungdomsråd, rolla som rådsmedlem og korleis unge kan medverke og engasjere seg. Celina Lauvstad og Abdi Longvik Vartal frå Telemark ungdomsråd delta av sine erfaringar kring rådsarbeid. Dei har begge vore med frå oppstart i elevråd, lokalt ungdomsråd i Seljord, og er no faste medlem i fylkesrådet.

## **Ungdomstinget i Telemark 4 og 5.oktober 2025**

Her deltok leiar Ingeborg Otterholt og nestleiar Karin Elise Karlsen. Ungdomstinget er ein viktig arena der ungdom frå heile fylket møtast for å diskutere saker som angar dei. Mykje av årets ting omhandla diskusjon og innspel til handlingsplanen for 2025. Handlingsplanen er Telemark ungdomsråds politiske rammeverk og er retningsgivande for arbeidet. Kapitla er knytta til fylkeskommunen sine handlingsområder innafor samfunnsutvikling.

## **Ungdomsrådet som medarrangør( Vannvittig gøy dag)**

Aktivitetsdag på Tangane for 8-10 klasse. I samarbeid med SLT-koordinator, klubbleiar, frivilligsentralen, vaksenopplæringa, Raude Kors, politiet og Tokke brannvesen. Fokuset er haldningsarbeid -trygg ferdsel på og ved vatn.

## **Økonomi**

Møtegodtgjersle til ungdomsrådets faste medlemmar blir dekt av kommunens ordinære budsjett for politisk verksemd.

Ungdomsrådet disponerar eit årleg beløp som skal nyttast til ulike aktivitetar for barn og ungdom i Tokke.

Utgifter i 2025 var knytta til aktivitetstiden på Tangane.

## **Tokke ungdomsråd ynskjer å fokusere på desse sakene framover:**

**-Trafikktryggleik i Høydalsmo**

**-Leige av grendehus for ungdom**

**-Rusførebyggande arbeid i ungdomsskulane og Vest-Telemark vgs( i samarbeid med SLT-koordinator)**

---

*Leiar Ingeborg Otterholdt*

*Nestleiar Karin Elise Karlsen*